



Skjåk kommune

Møtestad: NB! Skjåk Energi	Møtedato: 14. mars 2018	Frå kl. 09.00	Til kl. 11.00
--------------------------------------	-----------------------------------	-------------------------	-------------------------

Medlemmane blir med dette kalla inn til møtet som nemnt ovanfor. Dette gjeld:

Knut Vindheim (leiar)
Tor Arne Rønningen (nestleiar)
Arild de Presno
Torø Elin Dagsgard
Arnfrid Austin

Forfall må meldast snarast mogleg til sekretær Morten Sørhage på. tlf. 469 11018.
E-post: morten.sorhage@lom.kommune.no

Varamedlemmane møter berre etter nærmare varsel. Dette gjeld:

Sigrun Kveen
Svein Skjåkødegård
Marit Wiegaard Brandsar
Ingvar Severin Kringlethaugen
Paul Ragnar Frøise

SAKLISTE

	Innkalling, sakliste. Protokoll frå siste møte.
06/2018	Årsmelding og årsrekneskap Skjåk Energi KF
	Open post

Lom, 6. mars 2018
for Knut Vindheim

Morten Sørhage
Sekretær

Kopi: Skjåk kommune, rådmannen
Skjåk kommune, ordføraren
Innlandet Revisjon IKS
Presse



ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR
	Morten Sørhage	14. mars 2018	Kontrollutvalet	06/2018

SKJÅK ENERGI KF – REKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2017

Saksdokument:

- Revisjonsmelding for regnskapsåret 2017, datert 27.2.2018
- Årsmelding 2017 med regnskap og noter
- Protokoll frå styremøte

Saksframlegg:

Regnskapen til Skjåk Energi KF er eit særregnskap. Det må settast opp etter regnskapslova. I tillegg kjem reglar i energilova, kommunelova, forskrift om særbudsjett, særregnskap, årsberetning for kommunale og fylkeskommunale føretak og god regnskapskikk i Noreg.

Etter forskrift om kontrollutval § 7 skal kontrollutvalet uttala seg om årsregnskapen før den blir vedteke av kommunestyret. Kopi av uttalen skal være hjå formannskapet før dei gjer innstilling om årsregnskapen til kommunestyret.

Innlandet Revisjon IKS konkluderer med at regnskapen er i samsvar med lov og forskrift. Det gjev eit rett bilde av finansiell stilling.

Skjåk Energi KF har i 2016 overført kr. 6,6 mill. til eigaren Skjåk kommune. Foretaket har overført kr. 165 329 til eigenkapital.

Forslag til uttale:

Til kommunestyret i Skjåk kommune

Uttale frå Skjåk kontrollutval til årsrekneskapen frå Skjåk Energi KF for 2017

I sak nr. 06/2018 handsama kontrollutvalet årsrekneskapen til Skjåk Energi KF for 2017.

Grunnlaget for handsaminga er årsrekneskapen, årsmeldinga for 2017 og revisjonsmeldinga, datert 27.2.2018. Revisoren og økonomisjefen i Skjåk Energi KF supplerte munnleg i møtet.

Skjåk Energi KF syner i rekneskapen for 2017 eit overskot på kr. 6 765 329 mot kr. 3 769 343 i 2016.

Eigenkapitaldelen er nå på 32 %.

Skjåk Energi KF og Skjåk kommune har i 2017 forhandla fram redusert eigaruttak. På bakgrunn av dette foreslår styret i sak 2018-4 denne disponeringa av overskotet:

Eigaruttak (Skjåk kommune)	kr. 6 600 000
Overført til eigenkapital	kr. 165 329

Kontrollutvalet har ingen merknad til dette forslaget. Dei har heller ingen annan merknad til den framlagde årsrekneskapen for 2017.